



Per Korsvoll på treningstur med Melderskin i bakgrunnen.

Flandern Rundt neste helg er ein av klassikarane i sykkelsporten - det er eit eindagsritt som går i ein belgisk provins - frå Brugge til Ninove. Denne gongen er også Uskedalen representert - ved amatørsyklist Per Korsvoll (42) som drar saman med ein Bergensgjeng,

Per presiserer at han ikkje har så store ambisjonar, og han har heller ingen karriere bak seg. Det var fyrst som 25-åring i Omvikdalen at han tok til å sykla for alvor, men no er han ikkje framand for tanken om ei viss satsing på sporten i Uskedalen. No har han budd her i 2 år.

Flandern Rundt er nok ingen spøk, ikkje minst er rittet krevjande på grunn av alle brusteinane. Per driv både med terrengsykling og landevegssykling,



Frå trening i Dubai medan han jobba der.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen
Foto privat